

Saksframlegg

Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 17/3244-11

Spelemlidar til idrettsanlegg 2017 – fordeling av restmidlar og inndregne midlar

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd **1 747 000 kr.** i inndregne midlar og restmidlar til følgjande anlegg:

Anleggsnummer (gamalt system)	Kommune	Anleggstype	Anleggs-kategori	1.søkn. år	Kommunal prioritering	Søkjar	Tilskot
1413000109	Hyllestad	Friddrett	Ordinære anlegg	2017	2	Hyllestad kommune	300 000
1449000801	Stryn	Symjebasseng	Ordinære anlegg	2015	6	Stryn kommune	227 000
1426006303	Luster	Symjebasseng , overvaking	Ordinære anlegg	2016	8	Luster kommune	131 000
1432000302	Førde	Symjebasseng	Ordinære anlegg	2017	14	Førde kommune	204 000
1431005905	Jølster	Klubbhus	Ordinære anlegg	2012	3	Jølster skyttarlag	201 000
1431001001	Jølster	Snø-produksjon	Ordinære anlegg	2012	4	Jølster IL	156 000
1432000314	Førde	Idrettshall	Ordinære anlegg	2017	13	Førde kommune	264 000
1432009114	Førde	Sandvolleyball 1, Hafstadparken	Ordinære anlegg	2015	9	Førde kommune	79 000
1426004406	Luster	Ballbinge	Nærmiljø anlegg	2017	4	Luster IL	79 000
1420005302	Sogndal	O-kart	Ordinære anlegg	2015	24	Fjærland IL	37 000
1432006801	Førde	Ballbinge, rehab	Nærmiljø -anlegg	2016	15	Farsund Vel	65 000
				Rest	7 000	Totalt	1 743 000

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Saksframstilling – tildeling til idrettsanlegg 2017 – 17/3244 – 11
2. Elektroniske søknader

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å løyve resterande og inndregne midlar til 11 anlegg, der fem av desse er eigd av frivillig sektor. Alle anlegga er ferdig utbygd og 10 av desse har levert revidert rekneskap. Fem av desse vert tildeling styrt av regional plan og utløyser vel 1 000 000 kr. i løyving no som elles ville vore prioritert i regional plan i 2018 og forskyvd andre anlegg til 2019.

2. Bakgrunn for saka

Gjennom rundskriv av V-0732 N datert 15.juni 2017, har Kulturdepartementet gitt retningslinjer for tilskot frå spelemidlane. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv, kommunale planar og prioriteringslister gir føringar for kva anlegg som vert prioritert for spelemidlar kvart år. Spelemiddelordninga er delt i to ordningar, ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. Til saman kom det i 2017 inn 328 godkjende søknader om tilskot med ein samla godkjend søknadssum på om lag 192 mill kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk tildelt 53,266 mill kr. og saman med inndregne midlar og rentemidlar midlar vart det i HNK-sak 30/17 tildelt kr. til 107 søknader.

Til klagebehandling etter tildelinga i sak 30/17 stod det att 309 000 kr. Det kom ingen klagesaker og fylkesdirektøren vel å rå til å tildele søknader no mot normalt å vente til neste års tildeling. I perioden etter tildeling og fram til no er det også inndregne 1 441 000 kr. Inndregne midlar gjeld anlegg som har blitt rimelegare enn budsjettert eller anlegg som ikkje er etablert som planlagt. Inkludert i desse inndregne midlane er tilbakebetaling på 475 000 kr. frå Hyllestad kommune. Det er vedteke å rive bassenget for å gje plass til å bygge idrettshall og Kulturdepartementet har gjort gjeldande tilbakebetalingskrav.

Til fordeling i saka no vert det såleis:

Restmidlar	kr. 309 000
Inndregne midlar	kr. 1 441 000

Tilgjengeleg til fordeling no	kr. 1 750 000
-------------------------------	---------------

Framlegg til fordeling no	kr. 1 743 000
---------------------------	---------------

Rest	kr. 7 000
------	-----------

Skulle det kome klager på denne tildelinga, vil desse bli vurdert på vanleg måte, og då slik at om klagar får medhald, vil tildeling skje ut frå ramma fylkeskommunen får til fordeling i 2018.

3. Vurderingar og konsekvensar

3.1 Prioriteringar ved tildeling av spelemidlar

Ved vurdering av ytterlegare løyving rår fylkesdirektøren til å legge til grunn same prinsipp og prioritering som ved førre løyving. Her vart det lagt vekt på å følgje kommunane sine prioriteringar samt å prioritere å tildele midlar til anlegg med ein lågare prioritet der anlegget er ferdig og revidert anleggsrekneskap ligg føre.

Ferdigstilte anlegg, med ferdig revidert anleggsrekneskap vert prioritert, slik at søkjar slepp å fornye søknadane i unødig mange år. Deretter rår fylkesdirektøren til å prioritere frivillig sektor sine søknader før fylkeskommunale og kommunale søknader. Dette for å løyve midlar slik at det lettar den økonomiske belastninga for frivillig sektor og gir god bruk av midlane og effektiv sakshandsaming der sakshandsamingstida i kommunane og fylkeskommunen går ned.

Handlingsprogrammet i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 vert fullert no med vedtak i fylkestinget 5.desember 2017. Innspela frå kommunane er omfattande med heile 134 hovudanlegg og deleanlegg. Fylkesdirektøren har såleis god oversikt over status for anleggssituasjonen i fylket fram til og med 2023. Ved denne ekstra-tildelinga, er det derfor naturleg å tildele ferdige anlegg i regional plan med revidert rekneskap som skapar handlingsrom for tildelingsåret 2018 ettersom tildeling frå Kulturdepartementet ikkje vert klar før i april 2018.

Kort vurdering av søknadsbehandling i kommunane knytt til søknader styrt av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019 (kommune med framlegg om tildeling er utheva med svart);

Askvoll;

Har ingen ferdige anlegg med revidert anleggsrekneskap med rom for tildeling no.

Aurland;

Har ingen ferdige anlegg med revidert anleggsrekneskap med rom for tildeling no.

Balestrand;

Rehabilitering av kunstgraset ved Kreklingen stadion er ferdig med revidert anleggsrekneskap, men vi har valt å tildele andre anlegg med lågare summar, ettersom denne vert prioritert i 2018.

Bremanger;

Har ingen ferdige anlegg med revidert anleggsrekneskap med rom for tildeling no.

Eid;

I Eid kommune er det fleire anleggsutbyggingar der tildelt vert styrt av regional plan. Harpefossen skisenter har utbygging av både rulleskibane og alpinanlegg og Eid kommune har etablert fleirbrukshall med revidert rekneskap, men desse er enten ikkje ferdige eller der er ikkje rom for tildeling no.

Fjaler;

I Fjaler kommune er det gjennomført ei delvis rehabilitering av Fjaler-hallen, men fleire forhold skal utbetrast og fylkesdirektøren ynskjer å tildele dette samla og er prioritert i 2019.

Flora;

I Flora kommune er blant anna Eikefjordhallen med ulike delanlegg ferdig utbygd og motorsport-anlegget på Grov, men revidert rekneskap er enno ikkje klart for desse prosjekta. Det er ikkje funne rom for å tildele anlegg i Flora no.

Førde;

Førde kommune sette rekord i tal søknader på eitt år i 2017 med 45 søknader. I Førde kommune er både symjehall og idrettshall i Førde-huset rehabilitert og rekneskapen er revidert. Fylkesdirektøren prioriterer både rehabilitering av idrettshall, sandvolleyballbane 1 i Hafstad-parken, rehabilitering av ballbingen til Farsund Vel og rehabilitering av symjebassenget ettersom Førde IL symjing har forskottert rehabiliteringa for Førde kommune.

Gaular;

Gaular kommune har bygd ut Sande-hallen med både klatrevegg, squash og har rehabilitert symjehallen. Gaular kommune fekk i 2017 ei forholdsvis stor tildeling og det er ikkje rom for å tildele meir no.

Gloppen;

Gloppen kommune har siste åra stått for desidert størst søknadsvolum på over 27 millionar i søknadssum, der det er blant anna stor utbygging i Trivselshagen med søknad til trippelhallen, rehabilitering av Firda-hallen og rehabilitering av symjehallen på Hyen skule. Siste åra er Gloppen kommune tildelt forholdsvis store summar og fylkesdirektøren rår til å prioritere anlegg i andre kommunar.

Gulen;

Gulen kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Hornindal;

Hornindal kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Hyllestad;

Hyllestad kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan. Kulturdepartementet har gjort gjeldande tilbakebetalingskrav på 475 000 kr. som vart tildelt rehabilitering av symjebasseng, som er vedteke rive i samband med etablering av idrettshall i Hyllestad kommune. Fylkesdirektøren rår til at utviding av friidrettsanlegget ved Hyllestad stadion prioritert.

Høyanger;

I Høyanger kommune er det gjennomført ei delvis rehabilitering av Høyanger-hallen, men fleire forhold skal utbetrast og fylkesdirektøren ynskjer å tildele dette samla og er prioritert i 2019.

Jølster;

I Jølster kommune har det vore utbygging av Jølster skyttarstadion med tildelingar til fleire delanlegg siste åra. Det viser seg at leirduebana måtte prosjekterast om. I fellesmøte mellom fylkeskommunen, Jølster kommune og Jølster skyttarlag bestemt at fylkeskommunen inndrar 191 000 kr. til dette anlegget og dette vert prioritert i 2019 i regional plan. Fylkesdirektøren prioriterer det ferdige utbygde klubbhuset til Jølster skyttarlag for tildeling og utviding av snøproduksjon i Jølster skisenter, eigd av Jølster IL.

Leikanger;

Leikanger kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Luster;

Luster kommune har hatt ein periode med forholdsvis store tildelingar siste åra til det ferdige utbygde Lustra-badet. Tildelingane er enno ikkje fullførte for fleire av anlegga i Lustra-badet, men fylkesdirektøren prioriterer tildeling til overvåkingsanlegget og ballbingen til Luster IL.

Lærdal;

Lærdal kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Naustdal;

Naustdal kommune har både utvida og bygd tilleggelement til Naustdal-hallen. Anleggsarbeidet er ferdig, men manglar revidert rekneskap.

Selje;

Selje kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Sogndal;

I Sogndal kommune går det enno føre seg store utbyggingar i Hodlekve, Sogndal skisenter der nedfartane enno ikkje er ferdige. I tillegg er det utskifting av kunstgras på både Fosshaugane og Kvåle, utvidingar av Idrettssenteret i Sognahallen, men ikkje rom for å prioritere dette no. Fjærland II har søkt om midlar til O-kart og dette vert løyvvd midlar no.

Solund;

I Solund er det etablert kunstgras på Solund stadion, men anlegget har enno ikkje sendt inn revidert rekneskap.

Stryn;

I Stryn er det både rehabilitering av Stryn symjehall og etablering av kunstgras på Stryn stadion. Fylkesdirektøren prioriterer rehabilitering av Stryn symjehall som har fått ei løyving tidlegare.

Vik;

Vik kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Vågsøy;

Vågsøy kommune har ingen søknader der tildeling er styrt av regional plan.

Årdal;

I Årdal kommune er arbeidet med rehabilitering av ridehallen ikkje starta opp og er prioritert i 2018.

3.2 Samhandling med idrettskrinsen

Fylkesdirektøren samhandlar tett med m.a. Sogn og Fjordane idrettskrins når det gjeld informasjon og skulering om spelemiddelordninga. Det er også naturleg å drøfte framlegg til fordeling med dei og dette er gjort i form av munnleg og tilsend presentasjon. Det er gitt tilbakemelding med positiv tilråding.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med forslag til vedtak